

# Masfjorden kommune

## Møtereferat

Møtedato: 29.09.2020

Til stades: Sveinung Toft, Roald Kvingedal, Thomas Skår, Bjørn Rune Kvinge og Frode Haugsvær

- Diskusjon:** Møte gjaldt oppfølging av møte 01.07.2020 om sprenging utført på gbnr 31/5, Ervikneset. Sprengingsarbeidet er utført i samband med etablering av avlaupsanlegg for byggefeltet. Det var i møte 01.07.2020 avtalt at det skal sendast inn søknad om planering/opparbeiding av tomta, at steinar som ligg innanfor byggjegrensa mot sjø må fjernast samt at tomt skal sikrast innan 15 juli med anleggsgjerde/mellombels gjerde og permanent gjerde når tomta er ferdig opparbeidd.

Det vart opplyst i møte 29.09.2020 at sprengingsmassar mot sjø ikkje er fjerna, at eideomen ikkje er sikra med anleggsgjerde/mellombels gjerde og kommunen har ikkje motteke søknad om opparbeiding/planering av tomt.

Frode Haugsvær opplyste i møte at eideomen vil verte sikra med permanent gjede i løpet av 4 veker. Han opplyste samstundes at steinmassar som ligg innanfor byggjegrense mot sjø vil verte fjerna snarast. Alle var samd om at det ikkje er naudsynt å söke om planering/opparbeiding av tomt slik som vart avtalt på førrre møte. I staden skal det sendast inn endringssøknad som skal vise korleis utført arbeid er tilpassa landskapet/terreng og korleis omsyn til funksjonalitet på leikeområde vert ivareteke. Frist for å sende inn søknad vart sett til 4 veker frå møtedato.

Det vart av Masfjorden kommune opplyst i møte at kommunen kjem til å sende ut førehandsvarsel om pålegg om å sikre eideom, fjerne stein innanfor byggjegrensa og at det skal sendast inn endringssøknad til kommunen.

Privatrettslege spørsmål vart ikkje drøfta i møte.

**2. Oppsummering:**

Det skal sendast inn endringssøknad til kommunen. Steinmassar som ligg innanfor byggjegrense mot sjø skal fjernast. Tomt skal verte sikra med permanent gjerde innan 4 veker. Kommunen kjem til å sende ut førehandsvarsel om pålegg for at dette vert gjort.